

For kven som vil syngja

Tone: Nordlands trompet

1) Kven er det som skyna og rektig forstaar
kor gale det er for den mannen so faar
ei vyrdlaus og likesæl kjerring
som lastar paa mannen og stig over alt
og bryr seg no korkje om surt elle salt
og stedle korkje bu elle boning

2) Eg veit han fortalde, han oldefar min
han kjende ei kjerring i næraste grendi
ho stelte seg radt i da stora
Da stridaste arbeidet drog ho ifraa
den finaste maten den kjesma ho paa
og aldri so aat ho med bordet

3) Ho skjepa og ordna, men stundom so fælt
for mannen sin dugleik den hadde ho kvelt
ho tolde 'kje det at han mokka
Men fælaste var ho naar mjølet var alt
og skulde han segja han fraus og han svalt
so kom da i panna ei rokka

4) Ja no vil du skjøna kva styρνad her vart
naar kjærleiken vantar daa er det 'kje rart
det fekk no og kjerringi finna
Aa sova og sørra, aa roksa og læ
aa sløsa med drikka, med mat og med klæ
det kan ein umogeleg vinna

5) Jordi stod uslegi runder ikring
fraa ende til annan og rundt i ein ring
og lite so vart det no rydja
Og hesten han fekk no 'kje halvt so han trong
so tedna dei gjorde baad' danste og slong
kvar gong han sku' prøva å tyggja

6) Og kyrne dei svelt ho til møna og merg
so harda og turre som stein og so berg
dei sette upp bein og upp knoka
Mat fekk dei forlite – i utidi var
og mangel paa drikka var hedl ikkje bra
dei vart no nett so ei grindokar

7) Og småkalven la ho 'kje gjødsla paa hedl
eit litegrann vassokk kvar maaro aa kvedl
kva skal det no verta taa sore
Og grisen taa lort var stygg, skiten og svart
di meire han eldst – di mindre han vart
da vart upp i buste og svore

8) Og likeeins gjekk det med smale og høns
dei turka i hop baa' til langs og til skjøns
det vart korkje egg eller anna
Ja spinning og spøting og vøvingi med
nei aldri ho fekk det til ordentlege klæ
da vart korkje kard' eller blanda

9) Og rjomen den la ho paa kaka og leiv
stonno med neve og stonno med sleiv
ho sparte umaken aa kjidna
Men jamnaste tok ho no alt det som flaut
og slabba i gryta og gjorde til graut
Det lettaste var til aa vidna

10) All matlaging tok ho bestandig paa rus
ho turka med forklæ taa koppar og krus
og kokingi gjekk i ei fusa
med kjøtmat og pylse og sovore slag
ho hadde eit eige besynderleg lag
det jamnaste vart i ei røra

11) Med kaking og baking – med vøla og vask
med stiing og koking – aa nei for eit bask
for den som dertil er uskikka
Ein lyt no beklaga den mannen som maa
eit ødeland dagleg for augørne sjaa
i klæ og i mat og i drikka

12) Kva mot og kva trivnad kan husbonden ha
naar matmori steller so alt gjeng paa ska'
og mannen han balar og strævar
Ei lytefeit kjerring – ein utmager mann
det høver so lite i nokoslags stand
ein faare det huslege røvar

13) No sluttar eg visa og det gjer eg svint
for lett kan det henda ei kjerring vart sint
eg so kunde og verta haana
Men passar 'kje kaapa so tak ho 'kje paa
lat mannen faa mat, og lat mannen faa raa
det gjere ei ordentleg kona

I. I. Kaardal